



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstua  
0301 Oslo

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
200803356	06.01.2016	824/2016/S11	Anders Smith-Øvland, 71 25 82 91	06.04.2016

## Stranda kommune - 4 småkraftverk og nettanlegg - fråsegn ved høyring

Møre og Romsdal fylkeskommune har ut frå sine ansvarsområde følgjande merknader:

### Planfagleg vurdering

Nokre av anlegga vil ut i frå oversikta over registrerte friluftsområde, tilgjengeleg på Gislink.no, bli liggande innanfor område av lokal, regional og nasjonal verdi. Dersom vi legg registreringa av friluftsverdiane, samt verdisettinga av verdsarveområdet, til grunn for fylkeskommunens prioritering, vil vi rå frå konsesjon i følgjande prioritert rekkefølge:

1. **Storfossen kraftverk** vil ligge innanfor friluftsområde av «nasjonal verdi» (Geiranger – Herdal) <http://www.gislink.no/faktaark/152503300.htm>  
  
Storfossen vil og ligge innanfor «Verdsarvområdet, Vestnorsk fjordlandskap»; <https://mrfylke.no/Tenesteomraade/Kultur/Kulturvern/Kulturlandskap/Verdsarv>
2. **Røyarhus kraftverk** vil ligge innanfor friluftsområde av «regional verdi» (Kjellstaddalen-Røyarhus); <http://www.gislink.no/faktaark/152503000.htm>
3. **Langedals kraftverk** vil ligge innanfor friluftsområde av «lokal verdi» (Torskedalen); <http://www.gislink.no/faktaark/152504800.htm>

NB! 1. Vi merkar oss at Langedalselva er vurdert å vere ei padleelv av «nasjonal verdi» (før eksisterande kraftverksutbygging), mens den i våre formelle registreringar av friluftslivsinteresser berre er oppgitt å ha «lokal verdi». Dette er noko vi bør vere merksam på, for at slike verdier og eventuelt restverdi av dette elvedraget, ikkje skal bli øydelagt grunna manglande kunnskap.

NB! 2. Hauge kraftverk er ikkje omfatta av nokon registrering av friluftsområde i dag. Dette betyr det ikkje at dette og andre område ikkje har store verdier som bør vege tungt i den endelege vurderinga. Vi ber derfor om at innspel som kjem med ny kunnskap, vert lagt til grunn og vurdert i den vidare konsesjonsbehandlinga.

### Automatisk freda kulturminne

Ingen av dei fire kraftverka synes ut frå det oversendte materialet å vere i konflikt med automatisk freda kulturminne. Vi har såleis ingen vesentleg merknad til konsesjonssøknadane. Vi gjer likevel merksam på at det ved eventuelle positive vedtak kan bli aktuelt med arkeologiske registreringar før utbygging, jf. kulturminnelova § 9, og

at vedtaket må innehalde vilkår om avklaring i forhold til automatisk freda kulturminne. Eventuelle funn kan få innverknad på val av område og trasé, og det vil difor vere formålstenleg om detaljplanane vert oversendt til regional kulturminnemynde så tidleg som muleg i prosessen.

### **Konklusjon**

Vi vil ut i frå vårt ansvarsområde for friluftsliv og våre formelt registrerte friluftsområde, rå frå konsesjon i følgjande rekkjefølje:

- 1) Storfossen kraftverk (friluftsområde av nasjonal verdi/verdsarvområde)
- 2) Røyarhus kraftverk (friluftsområde av regional verdi)
- 3) Langedals kraftverk (friluftsområde av lokal verdi)

Vi ser ikkje vekk i frå at det kan vere andre verdiar som til dømes landskaps og friluftsverdiar, som enno ikkje er formelt registrert, og som bør vege tung i høyringsprosessen. Vi ber om at eventuelt slike verdiar vert vurdert nærare i konsesjonsbehandlinga.

Ingen av dei fire kraftverka synes å vere i konflikt med automatisk freda kulturminne. Eventuelle funn ved arkeologisk registrering vil kunne få innverknad på val av område og trase.

*Dette brevet er elektronisk godkjent og vil ikkje bli utsendt i papir.*

Med helsing

Johnny Loen  
plansamordnar

Anders Smith-Øvland  
overarkitekt

### Fagsaksbehandlar

Automatisk freda kulturminne: arkeolog Kristoffer Dahle, tlf. 71 25 89 03

Kopi:  
Stranda kommune  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal